

## **Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget**

Fylkesordførar gav slikt svar:

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane behandla i oktober 2019 forslaget til «Nasjonal ramme for vindkraft». Etter å ha mottatt over 5.000 høyringsfråsegn, der dei fleste var kritiske, ble nasjonal ramme for vindkraft til slutt skrinlagt av regjeringa. I forlenginga av dette har fylkesordføraren fått tre spørsmål og eit framlegg til vedtak frå fylkestingsrepresentanten Terje Kolbotn (R). Spørsmåla og framlegget til vedtak finn ein i interpellasjonen frå Kolbotn i sakspapira.

**Fylkesordførar sitt svar på spørsmål 1**

Vestland legger stor vekt på lokale forhold og meiningsane til dei enkelte kommunane når vi behandler vindkraftsakar. Det vil fylkeskommunen fortsette å gjere i alle framtidige saker om utbygging av vindkraftverk.

**Fylkesordførar sitt svar på spørsmål 2**

Fylkeskommunen er høyringspart i alle sakar som omhandlar bygging av vindkraftverk i fylket vårt. Vi er ei tung aktør i slike saker og vi opplever at NVE og OED lyttar til oss og våre meininger ved slike spørsmål. Vi skal syte for at lokale standpunkt og meininger frå kommunestyra vektleggast og tydeleggjerast i våre høyringsfråsegn.

**Fylkesordførar sitt svar på spørsmål 3**

Fylkesordføraren vil heller foreslå følgjande alternativ; sakshandsaming av søknad skjer i tråd med den politiske plattforma:

«Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørt natur eller på bekostning av viktige verdiar knyta til natur, landskap, friluftsliv, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med lokale kommunestyrevedtak.»»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast.

41 av representantane (A, Sp, H, KrF) røysta mot at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 11-3.